



ÅRSMELDING FOR 2010

JØSNESET BYGDARÅD

Årsmøtet blei halde 23.03.10.

Forslaget frå valnemda blei einstemmig godkjent og klappa gjennom.
Oddbjørn Fossaa - attval leiar
Berit S. Hjorteland, attval styremedlem
Silje Sværen, attval styremedlem
Kåre Hansen, attval varamedlem for 1 år
Sven Westersjø, attval varamedlem for 1 år
Paul Olav Skiftun: nytt medlem i valnemda
(Lars Reidar går ut av valnemda, Solveig blir sitjande 1 år til og Ellen Lovise Brandal 2 år til)

Ordførar Bjørn Laugaland orienterte om arbidet med Jøsenfast-plnar og sikring av vegen langs Tysdalsvatnet.

På første styremøte konstituerte styret seg slik:

Leiar: Oddbjørn Fossaa
Sekretær: Silje Sværen
Kasserar: Berit S. Hjorteland
Styremedlem: Terje Bremnes (ansvarleg innkjøp) og Helga Havnerås (ansvarleg Trivselsstova)

ÅRET 2010:

- Bygdarådet har hatt 4 møter, ellers "telefonmøter"
- **Ryddedag:** 11. mai. Godt oppmøte, med pølser, brus og kaffi som vanleg.
- **Jonsof-feiringa** var som ellers i Skiftu-stranda. Det var godt oppmøte, og me hadde telt oppe, felles grilling og leiker på stranda.
- **Tenning av julegrana** 5. desember ved brannstasjonen med godt oppmøte
- **Trivselsstova:** Helga Havnerås er kontaktperson for utleige av trivselsstova.
- **Ny oppvaskmaskin på skulen.** Bygdarådet støtta innkjøp av ny oppvaskmaskin med 5 000,-.

- **Jøsneset på nett:** Vår heimeside www.josneset.no. har mykje besøk. Den blir jevnleg oppdatert med små og store nyheter frå bygda. Bygdarådet, Ungdomslaget og Helselaget er saman om å driva sida.
- **Gapahuken:** Bygdarådet tar sin del av ansvaret for drift og vedlikehald av Gapahuken ved Fosstemmen.

Andre saker me har jobba med:

- **.Delteke på årleg fellesmøte** med kommunen og dei andre bygdaråda
- **Kome med uttale til nye ferjeruter**
- **Laga uttale til ny kommuneplan**
- **Berit Hjorteland har vore representant** i kommunen si arbeidsgruppe for kommuneplanen, infrastruktur og kommunikasjon
- **Betre vedlikehald på gravplassen.** Me har klagat på at gravplassen ofte ser ustelt ut, men kyrkjekontoret skuldar på for små ressursar. Me jobbar vidare med saka – også i år.
- **Plassering av Miljøstasjonen.** Me jobbar videre med å skaffa ein god stad for å etablira ny Miljøstasjon. Det ser ut til å gå mot ei ordning med miljøstasjon langs riksvegen.
- **Kantslått langs offentleg veg.** Både langs kommune- og fylkesvegar i bygda er det eit stort problem med manglande kantslått. Me har forklart problemstillinga for kommunen, som no lovar betring med nyt utstyr og ein definitiv slutt på sprøyting.

Skiftun 08.02.2011 Silje Sværen